

Mørk venleik på norsk

bok **lyrikk**

Charles Baudelaire
Det ondes blomster
Gjendikta av Kjell Nilsen
Valdisholm

Oppsiktsvekkjande gjendikting

Charles Baudelaires både berykta og berømte diktsamling «Les Fleur du Mal» (1857) er no komen på norsk



att, i ei ny bokmåls-gjendikting av Kjell Nilsen. Med stor musikalitet gjer Nilsen den franske meisterlyrikaren aktu-

ell og pulserande, utan å fire på forma eller spenningane i dikta.

«Det ondes blomster» er eit moderne verk, som fangar venleikens omskiftelege karakter i det industrialiserte bylivet i Paris. Her finn ein dei moderne rekvisittane og erfaringane innkapsla i dikt prega av mørk venleik: folkemengder, reklameskilt, framandkjensle, fragmentering, utbytting, tingleggjering, søppel og skit. Baudelaire skildrar menneske og gjenstandar som blir betrakta som unyttige og ubrukelege fordi dei har falle ut av nytte- og vareøkonomiens sirkulasjon. Men her finst også romantikkens og barokkens tankegoods, og Baudelaires bruk av klassiske former gjer han like mykje til poetisk tradisjonalist. På norsk finst ei nynorsk gjendikting frå 2001 av Haakon Dahlen. At to utgåver av eitt og same verk kjem med såpass kort mellomrom er sjeldsynt, men når det dreier seg om eit nyskapande verk med så omfattande litterære etterverknader, er det berre å gle seg over dette. Slik Baudelaire sitt verk held fram med å fascinere og engasjere på nye måtar, representerer heller ikkje ei omsetjing eit endegyldig sluttpunkt i rekkja av omsetjingar. I eit opplysande etterord hevdar Per Buvik at ein kan sjå på desse Baudelaire-omsetjingane som «forsøk», altså om lag som ulike Baudelaire-versjonar.

Baudelaire ikler det makabre og fordervelege ei fullenda og smidig form, noko Nilsen i oppsiktsvekkjande stor grad har fått til på norsk.

Fordi Baudelaire på ei side er ein gjennomført formmessig tradisjonalist, der det nye, det som utvidar posiens felt, kjem inn i form av ordval, perspektiv og tematikk, verkar Nilsen å ha vigd like mykje krefter på baa. Dei destruktive bileta får noko tvingande og ubønhøyrleg ved seg, samstundes som dei står fram som vakre. Gjenstanden i seg sjølv er ikkje ven, men omskapinga, overskridinga og forminga av han gjer han til det. Baudelaire finn venleik der ein minst ventar å finne han, slik han i «Hymne til skjønnheten» avviser at det vakre er bestemt av den naturlege konteksten: «Hva betyr vel stedet hvor du hører hjemme, / å du Skjønnhet! Du monster, snart grusomt, snart godt! / hvis ditt smil og din fot åpner døren der fremme / til en Evighet, elsket, men aldri betrådt?» Dikta viser til at det vakre blir skapt i og med diktet. Difor verkar dikta, paradoksalt nok og trass i alt ubehag dei rotar i, oppbyggjelge. Det er berre å takke Kjell Nilsen for arbeidet han her har gjort.

SINDRE EKRHEIM